

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 27.11.2020, kl. 09:00-13:15

MØTESTAD: Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem (deltok frå Styrerommet)
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem (deltok frå Styrerommet)
Audun Nedrebø	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå Styrerommet)

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Thomas Lindseth, kommunikasjonsrådgjevar
Berit Irene Haarklau, referent

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
066/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden
067/2020	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.10.2020
068/2020	Administrerande direktør si orientering
069/2020	Rapportering frå verksemda per oktober 2020
Saker til orientering:	
070/2020	Rapportering program og prosjekt i Helse Førde
071/2020	Endra møteplan 2021 for styret i Helse Førde HF
072/2020	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte, grunna pandemi-situasjonen.

Sak 066/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens videomøte.

- Styremøte hadde ikkje fagleg orientering
- Det var ikkje fellesmøte med KS/kommunane etter avslutta styremøte
- Vedlegg til styresak 070/2020 var ettersendt via e-post og lagt i Admincontrol 25. november

Adm. direktør Varden innleia om at sak 068/2020 «Administrerande direktør si orientering» hadde to tilleggspunkt som var unnateke offentlegheit, jf Helseføretakslova § 26 a, ledd 1 og 4. Desse vart handsama i siste del av styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 067/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.10.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.10.2020.

Sak 068/2020 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om to tilleggspunkt som var unnateke offentlegheit:

Punkt 10: Orientering om økonomi, jf. Helseføretakslova §26 a, ledd 4

Punkt 11: Personalsak, jf. Helseføretakslova § 26 a, ledd 1 og 4

Adm. direktør Varden innleia med bilde Smittevern som fekk tildelt kvalitetsprisen 13. november. Smittevern har hatt eit krevjande år med korona-situasjonen.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Stadleg leiar Lærdal sjukehus**

Adm. direktør Varden orienterte om status og rekruttering i stillinga som stadleg leiar ved Lærdal sjukehus. Margun Thue har sagt opp stillinga. Vi jobbar også med overgangsløysingar for stillinga som samhandlingssjef.

5. Korona – status i Helse Førde

Fagdirektør Helleseth orienterte om status korona i Helse Førde, som viser tala for analyser utført i Helse Førde

- Totalt 10 innlagde pasientar
- 1 dødsfall
- Veke 46: 1744 analysert, 17 hurtigtestar, 10 positive
- Veke 47: 1721 analysert, 26 hurtigtestar, 25 positive

- Så langt denne veka: 19, 8 positive i går
- I karantene /27/11: 7
- Innlagt (27/11): 1

Munnbind for ambulansesarbeidarar:

- Er ikkje smittevernfagleg grunn til å innføre munnbind per no
- Utryggleik hos ambulansespersonellet
- Heilskapsvurdering
- Tiltrår bruk av munnbind, <1m, <15 min
- Gjeld ikkje transportoppdrag der pasienten er smitteavklara og negativ
- Gjeld i første omgang ut året

Vaksine:

Førebuing pågår, med strenge lagringskrav. Vi ventar på opplegg for distribusjon. Prioriteringsdiskusjonar pågår.

Smitteavklaring på lokalsjukehus?

Utnytte kapasitet ved lokalsjukehusa. Det er sårbare fagmiljø. Risiko for innleigd personell.

Avvegring:

Svekka beredskap og dårlegare responstid grunna transport over lengre avstandar og tidsbruk for smittevask.

Forslag om å opne opp for smitteavklaring ved lokalsjukehus primo desember. Notat sendt ut for drøfting/innspeil/forankring. Saka skal til beredskapsleiinga 1. desember.

6. Sjølvmoordsførebyggande kampanje

Direktør Tvedt orienterte om kampanjen sjølvmoordsførebyggande – «Snakk om sjølvmoordstankar - Det kan redde liv». Regjeringa har lagt ut ein handlingsplan om informasjon og openheit om sjølvmoord. Det er ei regional arbeidsgruppe i Helse Vest.

Vi har ei lokal arbeidsgruppe i Helse Førde. Det er gjennomført ein lokal fagdag som del av den lokale kampanjeplanen 2020. Kommunikasjon i den regionale verktøykassa, der budskapet byggjer på kampanjen i 2019 og utvikling i samarbeid med kommunikasjonsbyrå Dinamo.

7. Innflytting i Dagabygget, Psykisk helsevern

Adm. direktør Varden innleia om at den kan bli ei omvisning for styret i Dagabygget i januar 2021, gitt andre restriksjonar enn det vi har i dag.

Direktør Tvedt orienterte om at Dagabygget nærmar seg ferdigstilling 8. desember. Per oktober er det utført 100 190 timeverk på bygget, innom- og utomhus. Det gjenstår test av system og opplæring, også montering av kunst. Dette vil pågå fram til formelt overtaking av bygget 20. februar 2021.

Tidslinje for innflytting vart skissert. I veke 9 er:

- DPS døgn – 15 døgnplassar
- Aktivitetstilbod pasientar
- Akutt døgn – 15 døgnplassar

I veke 9 og 10 vert det innflytting for Førde BUP.

Tilsetjingsprosess er ferdig for Psykosepost, og tilsetjingsprosess pågår for Tryggleikspost.

8. Nye Førde sjukehus

Adm. direktør Varden innleia om ei større samling 7. desember for Livabygget, med prioriteringar for arbeidet vidare. Vi avventar rådgjevande innspel frå KOFA. Vi har dialog med Veidekke. Det er planlagt sak til styret i januar 2021.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om status for Nye Førde sjukehus.

Adm. direktør Varden fortalde at ein legg opp til ei meir omfattande løypemelding i desember-møtet.

9. Status oppfølging av prehospita plan

Direktør Guldhav orienterte om tre arbeidsgrupper i arbeidet med prehospita plan

- 1) Arbeidsgruppe Hornindal/Volda har hatt møte. Det kan bli overlevering til adm. direktør i november/desember 2020
- 2) Arbeidsgruppe Bremanger har hatt to møter. Ein jobbar med ulike modellar for prosjektet, og det blir innstilling til styremøte i mars 2021
- 3) Arbeidsgruppe Lavik har hatt to møter. Mål om sak til styret i mars 2021 om mulige alternative modellar.

LUKKA DEL:

10. Prognose 2020

Uoff, jf. Helseføretakslova §26 a, ledd 4

Økonomidirektør Hellesteth orienterte.

11. Personalsak

Uoff, jf. Helseføretakslova § 26 a, ledd 1 og 4

Adm. direktør Varden orienterte.

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingar til orientering.

Sak 069/2020 Rapportering frå verksemda per oktober 2020

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Gjennomsnittleg ventetid for ventande og behandla i Helse Førde følgjer trenden til dei andre føretaka i Helse Vest
- Pandemien set også sitt preg på fristbrot. Førebels er det registrert 204 nye fristbrot i oktober
- Helse Førde leverer bra på andre måltal som andel ikkje møtt, korridorpatientar og epikrisetider innan sju døgn, samt positiv utvikling innanfor trygg pleie
- Aktiviteten i oktober var lågare enn budsjett
- Resultat i oktober var eit underskot på 0,5 millionar, som er 4,3 millionar under budsjett
- Til no i år er resultat eit overskot på 32,5 millionar, som er 4,1 millionar betre enn budsjett
- Administrerande direktør er godt nøgd med resultatet til no i år
- Dersom det ikkje kjem større endringar som følgje av pandemien, er adm. direktør si vurdering at Helse Førde vil få eit resultat som er betre enn budsjett
- Sjukefråværet ha auka dei siste månadane og var 7,3 prosent i september.

Fagdirektør Hellesteth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Trygg kirurgi, utvikling viser stabil registrering av sjekklista, nær 100 %
- Trygg pleie – fall, trykksår og ernæring viser alle god utvikling
- Ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser gjennomsnittleg ventetid på 67 dagar (måltall er 53)
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt viser 65 dagar, som er ein auke på 18 dagar for somatikk
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid viser for høgt tal ved somatikk
- Fristbrot, viser 204 nye i oktober, som tilsvarar 9,4 %. Målet er at vi ikkje skal ha fristbrot.
- Direkte timetildeling, viser 76 % for Helse Førde.
- Epikrisetider, viser over 90 % for ei veke

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultat i perioden var eit underskot på 0,5 millionar, som er 4,3 millionar lågare enn budsjett. Akkumulert resultat er eit overskot på 32,5 millionar, som er 4,1 millionar betre enn budsjett.

Per oktober er økonomiske konsekvensar av covid-19 estimert til 80 millionar. Personalkostnader knytt til pandemien er estimert til 30,8 millionar.

Samla sjukefråvær i september var 7,3 prosent. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månader er 6,5 prosent.

Brutto månadsverk i perioden var 2392 og netto månadsverk var 2209, som begge viser auke.

Direktør Vingsnes orienterte om aktivitetsutvikling i Medisinsk klinikk.

Direktør Guldhav orienterte om aktivitetsutvikling ved Kirurgisk klinikk.

Direktør Tvedt orienterte om aktivitetsutvikling ved Psykisk helsevern.

Styret takka for gode orienteringar, som viser gode parameter på fleire område.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per oktober 2020 til vitende.

Saker til orientering:

Sak 070/2020 Rapportering program og prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Det er stor og veksande aktivitet i prosjektporteføljen til Helse Førde. Den er gjennomgåande tett integrert med porteføljen i Helse Vest, men har også stor aktivitet innanfor bygg og organisasjonsutvikling. Prosjektporteføljen til Helse Førde er i all hovudsak organisert i desse programma, som alle har sine lokale styringsgrupper:

- Alle møter (regionalt)
- HELIKS (regionalt)
- Libra (regionalt)
- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus

Program Alle møter inneheld:

- ✓ Digitale skjema og brev
- ✓ Finne fram
- ✓ Innsjekk og betaling
- ✓ Open linje
- ✓ Pasientflyt og ressursar
- ✓ Vel planlagt
- ✓ Vestlandspasienten

Program HELIKS inneheld KULE (Kurve og legemiddelhandtering) og ODA (overgang til DIPS Arena). LIBRA inneheld forsyning og logistikk, og er eit stort regionalt prosjekt.

Nye Førde sjukehus inneheld mange delprosjekt. Dagabygget (nybygg psykisk helsevern) er første delprosjekt og er i slutfasen med ferdigstilling i desember 2020. Livabygget (nybygg somatikk), skal byggast i åtte etasjar og koplast på eksisterande høgblokk.

«Pasientens helseteneste» er eit lokalt utviklingsprogram, som skal bidra til å realisere mål og tiltak i utviklingsplanen til Helse Førde, og inneheld 13 prosjekt.

Prosjektleiarane er bedne om å rapportere på sju ulike parametarar: tid, kost, personell, risiko, kvalitet, nytte og samla vurdering. Ingen av programma eller prosjekta rapporterer raudt på noko punkt. Det er størst uro for at tidsplanane ikkje kjem til å halde. Prosjektleiarane er også bedne om å skissere kor mange årsverk som vert nytta i kvar enkelt prosjekt i 2020, og kva som er behovet i 2021.

Utviklingsdirketør Kleiven orienterte om rapportering program og prosjekt.

Styret takka for ei god rapportering som viste god oversikt for alle satsingsområde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering for status prosjektportefølje i Helse Førde til orientering.

Sak 071/2020 Endra møteplan 2021 for styret i Helse Førde

Oppsummering:

Styret handsama møteplan og årsplan 2021 i styremøte 02.09.2020, og vedtok følgjande møteplan for 2021:

Møteplan 1. halvår	
Møtedato	Møtestad
Fredag 29. januar	Førde, FSS
Fredag 26. mars	Førde, FSS
Måndag 31. mai	Sogndal, ISP
Måndag 21. juni	Lærdal, LSH
Møteplan 2. halvår	
Onsdag 1. september	Førde <i>*fellesmøte m/Helse Vest RHF</i>
Fredag 29. oktober	Førde/ Kyrkjebø
Torsdag 25. november	Førde, FSS
Fredag 17. desember	Førde, FSS

Vi har motteke tilbakemelding om møtekollisjon for to møtedatoar i 2021, dvs. måndag 31. mai og måndag 21. juni.

Framlegg til vedtak:

Styret i Helse Førde HF godkjenner endring i møteplan 2021, med følgjande nye datoar for mai og juni:

- Torsdag 27. mai
- Tysdag 22. juni

Styret hadde følgjande endring til møteplan 2021:

- Styremøte måndag 31. mai vert flytta til tysdag 25. mai
- Styremøte måndag 21. juni vert flytta til tysdag 22. juni

Votering:

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

- Styremøte måndag 31. mai vert flytta til tysdag 25. mai
- Styremøte måndag 21. juni vert flytta til tysdag 22. juni

Sak 072/2020 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Berit Hornnes er attvald som føretakshovudverneombod for Helse Førde i to nye år
- Styret sin eigenevaluering blir utsendt med svarfrist 10. desember.

Ref. Berit Irene Haarklau
27.11.2020

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem